



Lindås Tomteselskap  
Hagellia 4  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4972 - 14/13866

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
06.06.2014

## Gbnr 188/531 Arealoverføring.

Eigedom: gnr.188 bnr.531  
Adresse for eiged.: Røsvikrenen 3, Knarvik  
Type tiltak: deling av grunneigedom og arealoverføring til gbnr 188/199  
Heimelshavar: Lindås Tomteselskap AS  
Søker: Lindås Tomteselskap AS

### Saka gjeld:

Lindås Tomteselskap eig gbnr 188/531 som er ei viss mengd restareal i regulert område i Knarvik. Ein parsell på 150m2 ligg att som ein trekant mellom veg og tomteareal høyrande til gbnr188/199. Dette arealet vil ein dele frå og overføre. Tiltaket er mest å sjå som grensejustering, men parsellen er for stor i høve til reglane som gjeld for kva som kan løysast ved grensejustering. Løyve til deling er difor naudsynt.

### Planstatus/dispensasjonar:

Området er regulert til bustadføre mål. Tiltaket er i samsvar med gjeldande plan. Dispensasjon er ikkje naudsynt.

### Nabovarsling:

Det er ikkje andre naboar som vert råka av tiltaket. Nabovarsel ligg ikkje føre.

### Tilkomst/vassforsyning/avløp:

Tiltaket fører ikkje til endring i desse tilhøva.

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til deling av gbnr188/531 slik det er søkt om og synt på kart vedlagt søknad motteke i kommunen 28.05.2014. Den frådelt parsellen skal føyast saman med gbnr.188/199.

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf.PBI §21-9.





**Mottakarar:**

Hagellia 4  
Hagellia 4

5914  
5914

ISDALSTØ  
ISDALSTØ